

litt om serien

## Vendepunkt - livsforvandlande møter med Jesus

Kristendommen: For mange har ordet dårlig klang. Tankane går til dogmer, dominans og antidans. Det handler om salmepugging og dogmetru, og det verkar eigentleg ikkje så attraktivt. Men essensen i kristen tru er relasjon, eit møte med Jesus. Det slåande er at Jesus har evna å møte så utrulig mange forskjellige folk, i så mange forskjellige kulturar til så forskjellige tider. I møte med Jesus har ulike personlighetstypar med ulike livshistorier fått eit livsforvandlende vendepunkt.

Det er akkurat nokre av desse møtepunkta med Jesus vi ønskjer å trekke fram i denne serien. Dersom slike folk kunne få møtepunkt med Jesus som vart til vendepunkt i livet, ja då kan du også!

litt om tema:

## Jesus og Emmausvandrarane

Kor ofte har du ikkje høyrt i ei såkalla kristeleg setting at "off, det var mykje betre før i tida". Kanskje handlar det om tida før KRLE-faget då det var lov å synge salmar på skulen, eller då basarane var årets høgdepunkt for heile bygda. Sorgen og apatiens og mismotet liknar den som dei to disiplane kjente på på vegen mot Emmaus. Dei hadde håpa at Jesus var den som skulle setje dei fri. Men no var han død og gravlagd.

Men kven var denne vandraren som gjekk saman med dei? Og kvifor fortalte han dei om alt det som stod om Messias i det Gamle Testamentet? Då dei skjønte kven dei snakka med falt mismotet fullstendig bort, og dei skunda seg tilbake til Jerusalem. Møtet med den levande, oppståtte Jesus var vendepunktet for Kleopas og venen hans!

# Dei mismodige



## Bibel

### Luk 24, 13-35 Spørsmål til teksten


1. Korleis kan vi sjå gjennom teksten at haldninga og kjenslene til dei to disiplane endrar seg? Kvifor?
2. Kva kan vi lese i denne teksten om kor offentleg kjend Jesu krossfesting var? (les evt. også Apg 26,26). Kva har det å seie for truverdet i oppstodeforteljinga?



## Fellesskap

### Den ærlege samtalens:

1. «Og vi som hadde vona at han var den som skulle setja Israel fri» (v 21) er ei nøkkelsestning. Har de hatt slike opplevingar av at Gud ikkje innfriar forventingane? Kva gjer vi med det?
2. Korleis kan Jesu oppstode frå dei døde og løvnadane om at vi skal få oppleve det same (td. Fil. 3,21) hjelpe oss til eit nytt blikk på ting som gjer oss nedtrykte og mismodige?



## Raushet

### Takksam deling

Då Jesus gav brødet til dei to i Emmaus forstod dei kven han var. Korleis kan våre måltid vere med å bringe Guds rike nærmare nokon?



## Bøn

### Takk, bøn og forbøn

1. Takk for Guds omsorg gjennom vanskelege tider, og be for dei av dykk eller andre som opplev slike no.
2. Be Gud om hjelp til å vandre lyttande saman med dei som treng det, til å dele borda våre med dei som treng det og til å dele kjennskapen om kven Messias er med dei som treng det.
3. Del gjerne andre bøneemne også. Be for kvarandre og for det de har delt.

Som kristne veks vi ved å lære oss å høre Guds tiltale til oss, og så handle på det. Frå samtalane, tekstane og bønnene i dag: kva har blir ståande som viktigast? Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

**Kva Hørde eg?**

**Kva Gjer eg med det?**

**vende-**  
**PUNKT**  
LIVSFORVANDLANDE  
MØTER MED JESUS